



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1489-1

Sakshandsamar: Olav Bjørn Bakken

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap Kommunestyre	03.12.2025	

Samanslåing av Helse- og sosialutvalet og Oppvekst, kultur- og idrettsutvalet

Saksframlegg godkjent 24.11.2025.

Åge Verpe

Kommunedirektør

Vedlegg

- 1 Særutskrift - Politisk organisering for kommunestyreperioden 2023-2027

Bakgrunn for saka

Politisk organisering var oppe til vurdering i mars 2023 i forkant av kommunevalet med tanke på å eventuelt gjere endringar for inneverande periode – sjå vedlegg.

Som eit tiltak for å redusere kommunens utgifter i samband med budsjett-handsaminga for perioden 2026-2029, er samanslåing av Helse- og sosialutvalet (HSU) og Oppvekst, kultur- og idrettsutvalet (OKI) på nytt på dagsorden. Eit hovudutval har om lag 110 000 kr i driftsutgifter per år.

Saksutgreiing

HSU har relativt få saker per år, LMT har også hatt ein nedgang i saker :

Utval	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Formannskapet	99	97	127	119	117	85*
OKI	50	38	37	46	43	39
HSU	17	18	21	12	21	21
LMT	47	45	50	25	21	23

*Formannskapet har fleire møte på planen.

Kommunestyret kan når som helst opprette og legge ned politiske organ som ikkje er lovpålagt – jf kommunelova § 5-7.

Dei tre hovudutvala i Tokke har kvar sine politikkområde, og det kommunedirektøren tilrådde i vedlagte sak frå mars 2023 var å legge ned LMT og legge LMT-sakene til formannskapet, samt å slå saman OKI og HSU til Helse, kultur, og oppvekstutvalet - HKO.

Kommunedirektøren vurderer ikkje LMT no, men tek opp att forslaget om samanslåing av HSU og OKI – som blir til HKO. Det nye hovudutvalet vil ha det politiske ansvaret for dei same politikkområda – stikkordsmessig:

- (folke)helse, legeteneste
- Sosialtenester (NAV)
- Barnevern
- Pleie og omsorg
- Kultur- og idrett
- Skular og barnehagar
- Flyktningeteneste og integrering
- Skjenkesaker, rus, psykiatri og alkoholpolitikk.

Det er opp til kommunestyret å avgjere kor mange medlemmer eit politisk utval skal ha, men minimum er 3 medlemmer.

Kommunedirektøren tilrår same tal på medlemmer som no, dvs 7 medlemmer og inntil 2 varamedlemmer per liste fleire enn kvar liste har av faste medlemmer.

Eit nytt hovudutval må veljast på same måte som ved konstituering – altså at kvart parti eller partigruppe fremjar listeforslag på medlemmer og varamedlemmer. Posisjonen vil ha rett på 4 medlemmer og inntil 6 varamedlemmer, medan opposisjonen vil ha krav på 3 medlemmer og inntil 5 varamedlemmer. Alle representantar i kommunestyret kan også fremje forslag på medlemmer eller varamedlemmer, men må samle fleirtal for å få forslaget vedteke.

Det er krav om kjønnsbalanse på listene, så posisjonen må ha to av kvart kjønn øvst på si liste samt bae kjønn også på varalista, opposisjonen må ha minst ein av kvart kjønn av dei øvste 3 på lista og bae kjønn representert også på varalista.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår ei samanslåing av HSU og OKI frå 1.jan 2026.

Namnet på det nye hovudutvalet kan vere Helse, kultur- og oppvekstutvalet (HKO) og ha 7 medlemmer.

Kommunedirektørens tilråding

1. Helse- og sosialutvalet og Oppvekst, kultur- og idrettsutvalet vert slege saman frå 1.januar 2026.
2. Det nye hovudutvalet får det politiske ansvaret for dei same sakene som HSU og OKI har i dag – det politiske delegeringsreglementet justerast tilsvarende.
3. Hovudutvalet får namnet Helse, kultur- og oppvekstutvalet (HKO), og skal ha 7 medlemmer.
4. Som medlemmer og varamedlemmer av HKO veljast desse:
(ingen framlegg, men kommunestyrereglementet peikar på forholdsval som metode, dvs at kvar partigruppe fremjar ei liste med namn).
5. Som leiar av HKO veljast: (ingen framlegg, men veljast som fleirtalsval).
6. Som nestleiar av HKO veljast: (ingen framlegg, men veljast som fleirtalsval) .